



Aksjonsgruppa frå Uskedalen saman med Annemor Ekeland ved Stortinget. F.v Marie Døssland, Astrid Døssland, Mona Vetrhus og Annemor Ekeland.

**Den tverrpolitiske markeringa mot vindkraft på land i Oslo sist helg samla over 1000 demonstrantar frå heile landet. I ei gruppe frå Kvinnherad på 20 personar var Uskedalen på plass med Marie Døssland, Astrid Døssland og Mona Vetrhus. Det var ei roleg og verdig markering med talar, appellar og kunstnarlege innslag.**

Aksjonen ved Stortinget var retta mot NVE si utgreiing Nasjonal ramme for vindkraft i Noreg. Samlinga hadde fokus på raseringa av naturen og det biologiske mangfaldet og med det negative verknader for dyr og menneske. Om lag 50 ulike organisasjonar og motstandsgrupper var på plass. Nokre grunneigarar, som før var positive, angra på utbygginga og rådde sterkt frå meir vindmøller i norsk natur.

Miljø- og klimaminister Elvestuen møtte fram ved Stortinget. Det same gjorde partiet Raudt sin tingmann, Moxnes. Alle laga under fana Nei til vindkraft er no organisert og samla i ein paraplyorganisasjon på landsplan.

Astrid Døssland er godt nøgd med markeringa ved Stortinget. Turen var velorganisert og til stor inspirasjon. Gruppa frå Kvinnherad fekk møta motstandsgrupper frå heile landet, også frå store utbyggingar som til dømes på Sømmafjellet og på Frøya.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat